



Møre og Romsdal fylke



**Volda vidaregåande skule**  
Utdanningsprogram for ST/MD/MK/SA

Juni 2008

Til deg som skal ta til vidaregåande skule hausten 2008  
1. årssteget (Vg1) i **studiespesialisering eller musikk**

I **matematikk** vert det undervist i to ulike kurs på Vg1. Begge kursa er på 5 timar kvar veke gjennom heile året.

14 dagar etter at skulen tek til, vil vi gruppere elevane etter kva kurs dei har valt. Før det kjem vi til å gjennomføre ein matematikktest, som kan hjelpe deg til å gjere det rette valet. Vi vil sjølvstøtt prøve å råde deg så godt vi kan, men det er viktig at du på førehand har tenkt gjennom kva som høver best for deg.

Matematikk **Vg1T** (T=teoretisk) er tenkt for deg som veit at du får bruk for mykje matematikk i vidare studium, og/eller er interessert i faget, og føler at arbeidet går greitt. Med Vg1T kan du gå vidare med Vg2T (3 timar), eller du kan velje 5-timarskursa R1 og R2, eller S1 og S2 vidare.

Matematikk **Vg1P** (P=praktisk) er det andre kurset du kan velje. Dette kurset er mindre teoretisk, og mange vil nok sjå på 1P som eit enklare kurs enn 1T. Døme på kva du kjem til å arbeide med her er økonomi, geometri, litt sannsynsrekning, og enkle funksjonar. Med Vg1P kan du også gå vidare med Vg2P (3 timar) eller velje 5-timarskursa S1 og evt. S2 vidare.

Dersom du vel 2T eller 2P vil det på slutten av 2. klasse bli ein eksamen der du vert prøvd i det du har arbeidd med dei to åra. Du har då nådd det som vert kalla "generell studiekompetanse" i dette faget. Med det kjem du inn på alle studium som ikkje har særskilde krav til matematikk.

Dersom du vil vite meir om dei ulike kursa, kan du finne dei forskjellige fagplanane om du går inn på "udir.no". Sjå læreplanar!

Vi ser fram til å møte deg til hausten. Vi vonar du finn deg til rette på skulen, og vert nøgd med vala du gjer.

Helsing frå matematikklærarane ved Volda vidaregåande skule